

## **Årsmelding 2007 for Norsk Bane AS**

### **1. Hovudpunkt**

Norsk Bane AS har til oppgave å planleggje, byggje og drive eit høgfarts-banenett i Noreg. Dette arbeidet kom inn i ein ny fase i 2007. I dei første åra etter stiftinga var det viktig at eit høgfarts-banenett i Noreg blei akseptert som ein reell politisk visjon. Dette målet blei nådd i 2006. No gjaldt det å etablere det nødvendige grunnlaget for å kunne omsetje denne visjonen til realitetar – med Norsk Bane AS i ei sentral rolle. Selskapet trengte langt større ressursar.

Norsk Bane AS vedtok ein emisjon og auka aksjekapitalen til det tredoble. Selskapet fekk fleire tilsette. Informasjons- og påverkingsarbeidet blei kraftig styrka og utvida til mest alle delar av landet. Mot slutten av året etablerte selskapet eit samarbeid med Deutsche Bahn AG. Både fagleg og politisk fekk Norsk Bane AS ein sterk posisjon.

På den andre sida skapte Jernbaneverket si høgfartsutgreiing ein del uvisse i delar av det politiske miljøet. Skulle milliardtunge investeringar verkeleg berre ha marginal effekt for miljø, tryggleik, næring og busetjing? Trass i ein rad med openbere veikskapar og klåre brot på Stortinget sine føresetnader var det vanskeleg å få parkert Jernbaneverket si utgreiing. Stortinget bad likevel om ytterlegare utgreiingar, òg frå ”andre kompetente miljøer”.

### **2. Særskilde hendingar**

#### **a) Norsk Bane AS i 2007 – eit selskap i endring**

På generalforsamlinga 29.05.07 vedtok Norsk Bane AS grunnleggjande vedtektsendringar og ein emisjon som løfta selskapet sitt arbeid mange steg framover. Tidspunktet var ikkje tilfeldig. Året før kunne ein konstatere at arbeidet for eit norsk høgfartsbanenett endeleg hadde vunne brei politisk aksept. Både på lokalt og sentralt hald hadde Norsk Bane AS opparbeidd seg eit omdøme som ein påliteleg faginstans.

Etter styret si vurdering var det likevel stor fare for at selskapet kunne bli spela utover sidelinja i den vidare prosessen. Norsk Bane AS hadde éin tilsett i 20 % stilling, alt anna var dugnadsarbeid. Dette ga ikkje tyngde nok i eit arbeid som hadde som mål å realisere eit nytt nasjonalt banenett.

I tillegg hadde det politiske engasjementet for høgfartsbaner – bygt opp av Norsk Bane AS – òg fått andre krefter på banen. Medan Jernbaneverket tidlegare såg på høgfartsbaner som ei ikkje-sak, prøvde ein no å nytte utgreiingsoppdraget frå Samferdsledepartementet til å bli ein sentral premissleverandør for den politiske utviklinga. Norsk Bane AS måtte ha langt større ressursar om ein ikkje ville hamne i ei bakevje.

01.03.07 var alle styremedlemene i Norsk Bane AS samla til strategimøte. Ein konkluderte med at selskapet må tiltrekke seg vesentleg meir kapital og at ein må kommunisere tydeleg kva selskapet vil oppnå i ulike fasar av realiseringsprosessen og kva føresetnader ein har for å lukkast. Formuleringane frå tida før selskapsskipinga i januar 2002 syntest ikkje å vere tilstrekkeleg presise.

Vidare måtte aksjekapitalen ikkje lenger stå på sperra konto. Så lenge eksisterande aksjonærar signaliserer at ein ikkje vil risikere meir enn tap av renteinntekter, ville ein etter styret si vurdering knapt kunne vinne mange nye aksjonærar. Men var det i det heile mange potensielle aksjonærar å vinne for Norsk Bane AS?

02.05.07 og 07.05.07 arrangerte Norsk Bane AS regionkonferansar i Telemark og i Rogaland. Begge stader samla ein over 40 framstående representantar frå politikk og næringsliv, mange av desse utan tilknytning til Norsk Bane AS. Begge stader var det brei semje om at tida var inne for å starte realiseringsarbeidet og at Norsk Bane AS måtte ha ei sentral rolle i denne prosessen.

29.05.07 vedtok generalforsamlinga i Norsk Bane AS samrøystes å oppheve bindinga av aksjekapitalen. Tre aksjonærar med til saman 12 aksjar trekte seg ut av selskapet. Mange av dei andre auka derimot innsatsen til dels svært mykje. Emisjonen som generalforsamlinga vedtok 29.05.07, resulterte òg i 70 nye aksjonærar og ein samla auke i aksjekapitalen frå 2,809 mill. kr til 8,292 mill. kr.

Tidleg i august tilsette styret Thor W. Bjørlo som kommunikasjonssjef i Norsk Bane AS. Det politiske informasjons- og påverkingsarbeidet blei kraftig styrka og utvida til mest alle delar av landet. Hausten 2007 var aktivitetsnivået høgare enn nokon gong tidlegare. Men overgangen frå eit selskap med mykje dugnadsinnsats til eit meir ordinært selskap førte òg til ein kraftig auke i administrative gjeremål. T.d. var talet på rekneskapsbilag for perioden september – desember 2007 større enn i heile 2006.

I tillegg kom flytting til nye kontorlokale, opplæring av nyttilsett kommunikasjonssjef og arbeidet med ein nokså omfattande rapport for Jernbaneverket. Gjennom fleire månader likna situasjonen på "unntakstilstand".

Medio november etablerte Norsk Bane AS kontaktar til Deutsche Bahn AG for å høyre om det var interesse for eit samarbeid, ikkje minst for at Norsk Bane AS kunne stå endå sterkare fagleg og politisk. Føresetnaden var sjølv sagt at Norsk Bane AS framleis skulle vere eit sjølvstendig selskap – slik det òg blei presisert på generalforsamlinga i mai, m.a. gjennom vedtaket om at kvar aksjonær berre kan eige maksimalt 35 % av aksjekapitalen.

Like før jul blei det oppnådd prinsipiell semje i forhandlingane med Deutsche Bahn AG. Innan utgangen av 2008 skal Deutsche Bahn AG levere ei utgreiing som kan gje regjeringa og Stortinget eit sjølvstendig og solid fagleg grunnlag for å kunne gjere vedtak om ei eventuell satsing på høgfartsbaner under Stortinget si handsaming av Nasjonal Transportplan på våren 2009. Dette er i tråd med det Stortinget sjølv hadde bede om i vedtaket av 30.11.07.

Avtalen som blei signert 17.01.08, inneber òg at Deutsche Bahn AG binder seg til Norsk Bane AS når det gjeld høgfartsrelaterte oppgåver i Noreg.

#### b) Jernbaneverket si høgfartsutgreiing

I slutten av november 2006 presenterte Jernbaneverket fase 1 av utgreiinga si i samarbeid med VWI-gruppa. Hovudkonklusjonen var at Oslo – Trondheim via Østerdalen og Oslo – Gøteborg var mest aktuelle for vidare granskingar. Denne konklusjonen blei overprøvd av statsråd Navarsete i Samferdsledepartementet som ville ha granskingar på minst same detaljeringsnivå òg for høgfartsbaner mellom Oslo, Bergen og Stavanger. Det blei aldri slik.

I det heile var Jernbaneverket sin utgreiingsprosess prega av ein rad med brotne lovnader. VWI-gruppa skulle t.d. oversende grunnlagsmaterialet for konklusjonane i den første utgreiingsfasen, men denne dokumentasjonen kom aldri, korkje til Norsk Bane AS, NSB eller andre som hadde etterlyst den.

22.03.08 blei Norsk Bane AS invitert til eit drøftingsmøte med departementet, Jernbaneverket og VWI-gruppa. Der var det semje om at det komande arbeidet – i motsetnad til arbeidet i fase 1 – måtte inkludere analysar av trafikkpotensialet i regional- og godstrafikken. I juni viste det seg likevel at den einaste personen i VWI-gruppa som vurderte marknads spørsmål, ikkje hadde gjort noko etter november '06 og ikkje hadde kontakt med andre i VWI-gruppa.

På denne tida kom det òg fram at vurderingane av høgfartsbaner mellom Oslo, Bergen og Stavanger skulle bli endå grovare enn vurderingane av Oslo – Trondheim og Oslo – Göteborg, stikk i strid med m.a. departementet sin føresetnad. Samstundes fekk ein stadfesta at VWI-gruppa ikkje skulle gjennomføre sjølvstendige vurderingar av byggjekostnadene for høgfartsbaner, men at desse vil bli utførde av oppdragsgjevaren sjølv, dvs. Jernbaneverket og ein del andre firma som Jernbaneverket engasjerte til arbeidet etter eige val.

Dette var stikk i strid med både Stortinget sine gjentekne presiseringar<sup>1</sup> om ei uavhengig utgreiing og departementet sine forsikringar<sup>2</sup> om det same. Brotet på sentrale føresetnader for utgreiinga kom på toppen av Jernbaneverket sitt val av firma etter tilbodstevlinga i juni '06. Av i alt ni innkomne tilbod hadde Jernbaneverket valt det einaste tilbodet der utgreiinga skulle bli gjennomført utan noko norsk firma. Jernbaneverket kunne såleis på alle område leggje avgjerande premisser for utgreiinga, og skulle no gjennomføre delar av arbeidet sjølv.

Med brevet av 24.07.07 informerte Norsk Bane AS både departementet og Transportkomiteén på Stortinget om den urovekkjande utviklinga. 02.08.07 hadde Norsk Bane AS eit møte med statsråd Navarsete, utan at det førte til noko. Navarsete uttrykte tvert imot tillit til utgreiingsprosessen i regi av Jernbaneverket. Elleve dagar seinare sa ho på ein konferanse:<sup>3</sup> ”Etter at utgreiingsarbeidet er ferdig, vil det bli gjennomført ein brei høyringsrunde og avvikla eit nytt seminar, slik at alle interessegrupper skal få høve til å gje innspel.” Det blei aldri slik.

Etter at rapportane frå Jernbaneverket og VWI-gruppa blei publiserte 01.11.07, bad Jernbaneverket rett nok om høyringsfråsegner, men ingen av dei 18 fråsegnene ein mottok innan 01.12.07, m.a. frå Norsk Bane AS,<sup>4</sup> blei gjengjevne eller kommenterte i Jernbaneverket si oppsummering. Noko seminar blei det heller ikkje. Departementet fekk berre oversendt Jernbaneverket si vurdering av eige arbeid, utan balanserande kommentarar frå andre. Lovnadene om ein open og transparent prosess blei ikkje haldne.

Tilsvarande gjeld for kvaliteten til utgreiingsarbeidet. Det Jernbaneverket marknadsførde som ei grundig utgreiing frå ”tyske ekspertar”, var i røynda eit arbeid med svært mange graverande veikskapar. I følgje Jernbaneverket og VWI-gruppa skulle investeringar på fleire hundre milliardar kroner ikkje fjerne ein einaste trailer frå vegane, ikkje styrkje togtilboda i byområda og heller ikkje gje det løftet for næringsutvikling og busetjing langs banene som ein har sett i alle andre land med eit slikt transportsystem.

Desse konklusjonane bygde på ein rad med underlege føresetnader og metodiske feil. Jernbaneverket og VWI-gruppa hadde m.a. stipulert tunneldelar, byggjekostnader og køyretider på basis av kartmateriale der 1 km i terrenget svarte til 4 mm på kartet.

<sup>1</sup> Stortingetsvedtak av 26.10.06, Innst.S. nr. 20 (2006-2007), sjå <http://www.stortinget.no/inns/2006/inns-200607-020.html> : "Flertallet har merket seg at selve utredningsarbeidet skal gjennomføres av uavhengige konsulenter og ikke være bundet av eksisterende planer og strategier for utviklingen av jernbanenettet, og at utrederne på fritt grunnlag skal vurdere betingelsene for høyhastighetsbaner i Norge." Stortingetsvedtak av 15.6.04, St.mld. nr. 24 (2003-2004), sjå <http://www.regjeringen.no/nb/dep/sd/dok/regpubl/stmeld/20032004/Stmeld-nr-024-2003-2004-/8.html?id=330580> : "Samferdselsdepartementet vil derfor fram mot neste revisjon av nasjonal transportplan foreta en uavhengig gjennomgang av hva som bør legges til grunn av standarder for framtidig jernbanenett i Norge."

<sup>2</sup> Statsråd Navarsete i Stortinget 1.3.06, sjå <http://epos.stortinget.no/SpmDetalj.aspx?id=33872> : "Selve utredningen vil bli utført av uavhengige konsulenter."

<sup>3</sup> Sjø [http://www.regjeringen.no/nb/dep/sd/dep/Samferdselsminister\\_Liv\\_Signe\\_Navarsete/taler\\_artikler/2007/Innleggved-Goteborg-Oslo-konferansen.html?id=479038](http://www.regjeringen.no/nb/dep/sd/dep/Samferdselsminister_Liv_Signe_Navarsete/taler_artikler/2007/Innleggved-Goteborg-Oslo-konferansen.html?id=479038)

<sup>4</sup> Sjø <http://www.norskbane.no/nb/VWlhoering.pdf>

Eit anna døme er det uvanleg gode resultatet for Oslo – Gøteborg, sett i høve til det skisserte togtilbodet. Her hadde ein vurdert kostnadene under andre føresetnader enn inntektene! Kostnadskalkylen var basert på den underlege påstanden om at det frå før vil eksistere ein høgfartsbane mellom Gøteborg og norskegrensa, og på delstrekningar i Noreg. I marknads- vurderinga hadde ein derimot inntektsført all trafikkauke frå situasjonen *i dag* til situasjonen etter at ein høgfartsbane står ferdig på heile strekninga Oslo – Gøteborg. Fleire grove og tendensiøse manglar er gjort greie for i Norsk Bane AS si høyringsfråsegn.

Trass i openbere veikskapar og klåre brot på Stortinget sine føresetnader for utgreiinga var det likevel svært vanskeleg å få mediene til å stille kritiske spørsmål. Norsk Bane AS hadde heller ikkje full kapasitet i dei første novemberveke av di ein var svært oppteke med å fullføre rapporten til Jernbaneverket. Derimot lukkast det å informere Stortinget om dei viktigaste innvendingane mot Jernbaneverket og VWI-gruppa sitt arbeid.

30.11.07 vedtok Transport- og kommunikasjonskomiteen ei innstilling<sup>5</sup> der ein bad om ytterlegare utgreiingar, m.a. med utgangspunkt i ”rapporter fra andre kompetente miljøer, slik at det gis et godt grunnlag for å vurdere en eventuell satsing på høyhastighetsbaner i behandlingen av NTP i 2009.”

### c) Rapport til Jernbaneverket

27.11.06 bad Jernbaneverket i eit brev til Norsk Bane AS om å få oversendt ”all dokumentasjon som foreligger pr. dags dato om Haukelibanen”. Materialet skulle nyttast som grunnlag for Jernbaneverket og VWI-gruppa si utgreiing og skulle sendast innan ei veke, utan noko form for vederlag.

Det tok Jernbaneverket sju månader å forstå at Norsk Bane AS ikkje kunne etterkome ei slik oppmoding. Først 01.06.07, dvs. på eit tidspunkt der VWI-gruppa etter planen berre hadde to månader att til levering av sluttrapporten, bad Jernbaneverket om ei samanstilling av nøkkelinformasjon, ”tilpasset et arbeid på konseptnivå og uten for stor grad av detaljering,” mot eit mindre honorar.

For ikkje å tape endå meir tid, reiste Norsk Bane AS den 12.06.07 til Stuttgart for å gje dei to sentrale medlemene i VWI-gruppa ei munnleg orientering om hovudpunkta i planen for Haukelibanen. I tillegg valde Norsk Bane AS – av omsyn til ei større målgruppe for rapporten enn Jernbaneverket og VWI-gruppa – å forklare grunnleggjande konsept for baneprojekt i Noreg og dei organisatoriske føresetnadene for realiseringa meir detaljert enn Jernbaneverket hadde bede om. Rapporten kom på knapt 70 sider og blei levert 15.11.07. Norsk Bane AS produserte seinare òg ei oppdatert utgåve<sup>6</sup> på både nynorsk og bokmål.

Responen frå Jernbaneverket kom først i oppsummeringa av eige utgreiingsarbeid, dagsett 18.01.08. Der skulda ein Norsk Bane AS for påstandar som ”ikke er dokumentert i sin helhet” og lét som om ein hadde tinga og betalt for ei utgreiing med langt strengare krav til detaljering og dokumentasjon enn ein hadde stilt til VWI-gruppa og seg sjølv. Jernbaneverket hadde òg mange andre underlege merknader. Desse er kommenterte i notatet frå Norsk Bane AS av 28.01.08.<sup>7</sup>

<sup>5</sup> <http://www.norskbane.no/nb/Storting301107.pdf>

<sup>6</sup> Rapporten til Jernbaneverket finst på <http://www.norskbane.no/hk/Haukeli151107c.pdf>. Dei oppdaterte utgåvene er: <http://www.norskbane.no/hk/Haukeli150308a.pdf> (nynorsk, bilete med låg oppløysing, 3,8 MB) <http://www.norskbane.no/hk/Haukeli150308b.pdf> (nynorsk, bilete med høg oppløysing, 19,8 MB) <http://www.norskbane.no/hk/Haukeli150308c.pdf> (bokmål, bilete med låg oppløysing, 3,8 MB) <http://www.norskbane.no/hk/Haukeli150308d.pdf> (bokmål, bilete med høg oppløysing, 19,8 MB)

<sup>7</sup> Sjå <http://www.norskbane.no/nb/OppsumHighSpeedJbv.pdf>

### 3. Møteverksemd

I 2007 hadde Norsk Bane AS svært mange møte og presentasjonar. Dette arbeidet førte ofte til gode dialogar og viktige politiske prosessar. Både styremedlemar, kommunikasjonssjef og dagleg leiar var i aktivitet, stundom i fellesskap, stundom kvar for seg. Fleire av styremedlemane har etter fleire års innsats opparbeidd seg tilstrekkelege kunnskapar for å kunne halde presentasjonar. Slik kunne ein m.a. imøtekomme førespurnader om presentasjonar på ulike stader til same tid.

*Storting og departement:* Transport- og kommunikasjonskomitéen (Bø, 26.01.), regjeringspartia sine medlemar i Transport- og kommunikasjonskomitéen (Oslo, 08.06.), samferdsleminister Liv Signe Navarste (Etne, 02.08.), statssekretær Erik Lahnstein i Samferdsledepartementet (Oslo, 17.09.), SV si Stortingsgruppe (Oslo, 18.09.), Arbeiderpartiet si Stortingsgruppe (Oslo, 16.10.) og Henriette Westrin, statssekretær i Miljøverndepartementet (Oslo, 16.10.).

*Næringsorganisasjonar og fagforbund:* Næringsforeningen i Stavangerregionen (Stavanger, 14.02.), Fellesmøte for Bergen Næringsråd, Næringsforeningen i Haugesundsregionen og Næringsforeningen i Stavangerregionen (Haugesund, 30.08.), Maritimt Forum (Haugesund, 03.09.), Fellesforbundet (Oslo, 15.11.), Lokmannsforbundet (Oslo, 15.11.), NHO sentralt (Oslo, 12.12.) og Landsorganisasjonen sentralt (Oslo, 13.12.).

*Einskildpolitikarar:* Filip Rygg, KrF sin ordførarkandidat (Bergen, 15.02.), KrFU-leiar Kjell Ingolf Ropstad (Oslo, 01.08.), Stortingsrepr. Svein Gjelseth, AP (Ålesund, 28.08.), Stortingsrep. Erna Solberg, H (Haugesund, 28.08.), Bård Vegard Solhjell, statssekretær ved statsministerens kontor (Ålesund, 05.09.) og Stortingsrep. Ragnhild Årflot Kalland, SP (Oslo, 12.12.).

*Politiske organisasjonar på regionalt nivå:* Vindafjord kommunestyre (Sandeid, 13.02.), Vest-Telemark Rådet (Morgedal, 19.2. og Åmot, 19.6.), Infrastrukturutvalet i Telemark Fylke (Skien, 19.03.), Oppegård kommune (Kolbotn, 20.03.), Regionrådet for Kongsbergregionen (Notodden, 02.08), Grenlandsrådet (Skien, 17.09.) og Regionråd Gudbrandsdalen (Hafjell, 8.11.).

*Ope møte:* Haugaland SU (Haugesund, 13.02.), Bergenhus Venstre (Bergen, 14.02.), Ressursgruppa for miljø og rettferd i Bjørgvin (Bergen, 15.02.), Kvinnherad Framstegsparti (Husnes, 14.03.), Karmøy Arbeidarparti (Kopervik (15.3.), Vinje Arbeidarparti (Åmot, 20.06.), Røldalsmarknaden (Røldal, 23.06.), Tveit Landbruksskole (Hinderåvåg, 3.9.), SVs høyfartsseminar (Oslo, 26.10.), tverrpolitisk utval i Seljord (Seljord, 27.11.) og Samarbeidsrådet for Sunnhordland (Stord, 30.11.).

*Baneselskap og fagmiljø:* Jernbaneverket (Oslo, 20.02., 22.03., 21.06. og 18.09.), Høyhastighetsringen AS (Bergen, 15.02), VWI-gruppa (Stuttgart, 12.06), Karl Georg Høyer (Oslo, 06.11.) og Deutsche Bahn AG (Frankfurt, 21.12.).

*Naturvernorganisasjonar:* Natur og Ungdoms sommarleir (Malungen, 26.07.), Naturvernforbundet i Sør-Trøndelag, Trondheim (15.10.), Natur og Ungdom, Hamar (27.10.), fellesmøte for naturvernorganisasjonar (Oslo, 06.11.) og Inngrepsseminar for naturvernorganisasjonar (Oslo, 13.12.).

*Einskildverksemdar:* Grenland Havn (Brevik, 19.03.), Widerøes flyselskap (Oslo, 11.07.), Haugesund Sparebank (Haugesund, 11.8.) og Norsk Rikstoto (Oslo, 15.11.)

*Rotary- og Lionsklubbar:* Bø Lions (Bø, 13.02.), Ålesund Øst Lions (Ålesund, 29.08.) og Tysvær Lions (Aksdal, 03.09.).

*Eigne tilskipingar:* regionkonferansen i Telemark (Bø, 02.05) og regionkonferansen i Rogaland (Stavanger, 07.05.).

*Deltaking på møte og konferansar utan presentasjon:* KS1-seminar om E134 Grostøl – Vågslid (Bergen, 12.03.), presentasjon av utgreiinga frå VWI-gruppa og Jernbaneverket (Lillestrøm, 05.11.) og konferansen "Transport på skinner", (Oslo, 14.11.).

I tillegg kjem talrike uformelle møte med grunneigarar, utbyggingsinteressentar, planleggjarar i offentlege og private verksemdar, kommunale tilsette, aksjonærar, osb.

#### **4. Medier**

I 2007 var det fleire oppslag og debattinnlegg om Norsk Bane AS og høg fartstog enn nokon gong tidlegare, både på våren, under valkampen og fram til november. Etter dette minka talet på oppslag og innlegg om høg fartsbaner. I delar av det politiske miljøet hadde Jernbaneverket si høg fartsutgreiing skapt ein del uvisse om behovet for eit tidsmessig nasjonalt bane-nett.

Det var likevel store skilnader mellom ulike landsdelar. Medier i Rogaland, Hordaland og til dels Telemark hadde mest dagleg eit oppslag eller to, og mange engasjerte innlegg. Eit nett-møte med leserane til Haugesunds Avis 15.03.07 resulterte t.d. i 55 spørsmål.

I hovudstadsmediene stod derimot ganske sjeldant noko om høg fartsbaner, og i så fall ofte med misvisande saksframstilling og negativ vinkling. Med unnatak av styremedlem Per Espen Fjeld sin kronikk i Dagbladet 31.07.07 og kommunikasjonssjef Thor W. Bjørlo si deltaking på TV2 Holmgang 21.11.07 var det òg framleis svært vanskeleg for Norsk Bane AS å få publisert faktainformasjon og vurderingar i hovudstadsmediene. I oktober hadde Bjørlo t.d. skrive ein kronikk som det ikkje var mogeleg å få på trykk i ei av hovudstadsavisene. Litt seinare blei den same kronikken derimot teken inn i fleire regionale medier.

#### **5. Anna informasjonsarbeid**

Norsk Bane AS sitt omdøme som ein påliteleg faginstans førte òg i 2007 til ein rad med førespurnader om informasjon og vurderingar frå politikarar, medier, fagmiljø, interesserte privatpersonar og studentar som skriv oppgåver. I tillegg blei det i 2007 etablerte mange forum der ein utvekslar informasjon utan at Norsk Bane AS er direkte involvert. Det gjeld m.a. for "facebook"-gruppene "Haukelibanen kommer" og "Haukelibanens Venner" som har fleire hundre medlemmar kvar, mange av desse med politiske verv på lokal- og regionalnivå.

Norsk Bane AS hadde òg ein eigen stand på Etnemarknaden i august 2007. Ei rekkje aksjonærar med Kjell Olav Kaland og Knut Tungesvik i spissen ordna all organsering og informasjonsinnsats i fire dagar.

Arbeidet med nye internettsider for Norsk Bane AS kom derimot ikkje så langt i 2007 som ein hadde vona. Rett nok blei det etter grundig vurdering henta inn tilbod frå fleire aktuelle firma. Det blei òg utarbeidd skissar til innhald og struktur for websidene. Arbeidet med nytt grafisk profil og utviklinga av nye websider byrja likevel ikkje før våren 2008. Tilsvarende gjeld for etterlengta produksjonar av brosjyre og anna informasjonsmaterieil – bortsett frå ei oppdatering av artikkelen i "På Sporet".

#### **6. Planfagleg arbeid**

Norsk Bane AS sitt planfaglege arbeid var mindre omfattande i 2007 enn året før. Likevel kunne ein på fleire område notere viktig ny kunnskap. Ein granska m.a. ei ny traséføring under Haukelifjellet, med ein om lag 30 km lang tunnel mellom Flothyl i Vinje og Bleske-

stad i Suldal. Ein slik trasé vil krevje ein monaleg lengre tunnel enn andre alternativ, men det høgaste banepunktet vil ikkje liggje høgare enn om lag 660 moh., om lag 150 meter lågare enn ved ei traséføring via Vågslid.

I denne samanhengen blei det òg gjennomført nye granskingar av korleis godstoga si aerodynamiske utforming påverkar driftsopplegget for gods- og persontrafikk på same bane og til same tid ved ulike vêt- og føretilhøve.

I tillegg leverte Norsk Bane AS i 2007 detaljerte framlegg til endra traséføring gjennom Aksdal i Tysvær, tillempa nye planar for annan utbygging i området. Det blei òg arbeidd meir detaljert med planane for traséføringa mellom Oslo og Ski / Moss og mellom Otta og Lillehammer.

## **7. Økonomi**

Norsk Bane AS hadde i 2007 samla inntekter på kr 468.283, og utgifter på kr 1.229.120. Det resulterte i eit driftsunderskot på kr 760.837. Overkursfondet auka med kr 177.040. På generalforsamlinga i mai hadde ein budsjettert eit underskot på kr 800.000. Slik sett blei resultat kr 39.163 eller kr 216.203 betre enn budsjettert, avhengig av om ein reknar med utviklinga av overkursfondet eller ei.

Om lag halvparten av Norsk Bane AS sine driftsinntekter i 2007 var renteinntekter. Desse og andre inntekter var til saman kr 148.283 større enn budsjettert. T.d. kom refusjonen av reiseutlegg opp i kr 39.307, meir enn dobbelt så mykje som i 2006.

Utgiftene var på mange postar om lag som budsjetterte, men hadde likevel einskilde større avvik oppover. Det gjeld lønskostnader (+ kr 107.194), reisekostnader (+ kr 90.717) og kontorutstyr (+56.231). Til gjengjeld var ein del andre utgifter lågare enn budsjettert, slik at utgiftene i alt var kr 109.120 større enn budsjettert.

Når det gjeld aksjekapitalen, kunne Norsk Bane AS notere ein sterk auke frå kr 2.529.000 ved byrjinga av 2007 til kr 8.485.000 ved utgangen av året, dvs. til meir enn det tredoble.

Rekneskapan for 2007 er basert på at verksemda til Norsk Bane AS vil halde fram.

## **8. Om selskapet sine organ**

### *Generelt*

Norsk Bane AS har kontor i Kirkegata 2, 6004 Ålesund. Arbeidsmiljøet i selskapet var prega av stor aktivitet, men både tilsette og styret vurderte det som godt. Ved utgangen av 2007 hadde selskapet to kvinnelege styremedlemar, av i alt åtte, og to mannlege tilsette. Den høge møteaktiviteten til styremedlemar, kommunikasjonssjef og dagleg leiar har påført det ytre miljøet påkjenningar i form av ureiningar frå transportmidlar. Andre påkjenningar blei ikkje registrerte.

### *Aksjonærene*

Norsk Bane AS hadde 334 registrerte aksjonærar ved utgangen av året og ein aksjekapital på kr 8.485.000. Det svarer til eit innskott på kr 25.400 pr aksjonær i gjennomsnittet, om lag 150 % meir enn i 2006. Blant aksjonærene var 24 kommunar eller kommunale selskap som til saman eigde 71,3 % av aksjekapitalen. Aksjonærar som held til i Rogaland, Telemark og Hordaland stod for i same følgd 43 %, 31 % og 15 % av selskapet sin aksjekapital.

### *Styret*

Norsk Bane AS hadde våren 2007, fram til generalforsamlinga 29.05.07, følgjande styre: Kjell Stundal (leiar), Einar Velde (nestleiar), Laura Selveit, Erling Svalastog, Per Espen

Fjeld, Eyvor Kristin Aas, Peter Warren og Bjørn Vivelid. På generalforsamlinga valde ein Gard Folkvord som erstatning for sistnemnde.

Styret hadde fem møte: 15.01., 01.03., 29.05., 08.08. og 29.11. Det første og nestsiste var eit telefonstyremøte. Styremedlemene mottok ikkje godtgjersle eller kompensasjon for tapt arbeidsinntekt i 2007.


#### *Dagleg leiar og kommunikasjonssjef*

Fram til tilsetjinga av kommunikasjonssjef Thor W. Bjørlo medio august var dagleg leiar Jørg Westermann einaste tilsett i Norsk Bane AS. Det blei ikkje registrert skader eller sjukefråvær for dagleg leiar, men kommunikasjonssjef Thor W. Bjørlo var sjuk andre halvdel av desember.

#### *Revisor*

Deloitte AS i Haugesund var Norsk Bane AS sin revisor i 2007, og vart attvald på generalforsamlinga 29.05.07.

Ålesund, 19.06.2008




Kjell Stundal  
styreleiar




Einar Velde  
nestleiar



Laura Seltveit  
styremedlem




Eyvor Kristin Aas  
styremedlem



Erling Svalastog  
styremedlem



Per Espen Fjeld  
styremedlem



Peter Warren  
styremedlem



Gard Folkvord  
styremedlem



**Norsk Bane AS**  
Resultatrekneskap

Note	2007	2006
<i>Driftsinntekter og driftskostnader</i>		
	244.397	226.914
	<b>244.397</b>	<b>226.914</b>
3	791.194	131.229
3	437.926	136.880
	<b>1.229.120</b>	<b>268.109</b>
	<b>-984.722</b>	<b>-41.195</b>
	223.886	75.847
	<b>223.886</b>	<b>75.847</b>
	<b>-760.837</b>	<b>34.652</b>
2	-213.034	9.702
	<b>-547.803</b>	<b>24.950</b>
<i>Overføringer</i>		
	-547.803	24.950
	<b>-547.803</b>	<b>24.950</b>

# Norsk Bane AS

## Balanse


Note		2007	2006
	<i>Eigendelar</i>		
	<b>Anleggsmidler</b>		
2	Utsett skatteføremon	335.163	122.129
	<b>Sum immaterielle eigendelar</b>	<b>335.163</b>	<b>122.129</b>
	<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>335.163</b>	<b>122.129</b>
	<b>Omløpsmidlar</b>		
	Kundefordringar	141.285	75.000
	Andre fordringar	0	0
	Bankinnskot, kontantar o.l	8.011.850	2.571.736
	<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>8.153.135</b>	<b>2.646.736</b>
	<b>Sum eigendelar</b>	<b>8.488.298</b>	<b>2.768.865</b>

# Norsk Bane AS


## Balanse


Note	2007	2006
<b><i>Eigenkapital og gjeld</i></b>		
<b>Innskoten eigenkapital</b>		
Aksjekapital, berre registrert kaputv.	8.292.000	2.480.000
Ikkje-registrert kapitalutviding	193.000	49.000
Overkursfond	190.598	13.558
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>	<b>8.675.598</b>	<b>2.542.558</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>		
Annan eigenkapital	-861.846	-314.043
<b>Sum opptent eigenkapital</b>	<b>-861.846</b>	<b>-314.043</b>
<b>1 Sum eigenkapital</b>	<b>7.813.752</b>	<b>2.228.515</b>
<b>Gjeld</b>		
Langsiktig gjeld elles	352.000	402.000
<b>Sum langsiktig gjeld elles</b>	<b>352.000</b>	<b>402.000</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>		
Leverandørgjeld	29.432	3.667
Skattetrekk og andre trekk	88.596	1.737
Anna kortsiktig gjeld	204.518	132.946
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>322.546</b>	<b>138.350</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>8.488.298</b>	<b>2.768.865</b>


Ålesund, 19.6.2008

  
Kjell Stundal  
styreleiar


  
Einar Velde  
nestleiar


  
Laura Seltveit  
styremedlem

  
Eyvor Kristin Aas  
styremedlem

  
Erling Svalastog  
styremedlem

  
Per Espen Eijel  
styremedlem

  
Peter Warren  
styremedlem

  
Gard Folkvord  
styremedlem

# Norsk Bane AS

## Noter til rekneskapen for 2007

### Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapen er alle postar verdsette og periodiserte i samsvar med føresegnene i rekneskapslova og reglane som følgjer av rekneskapsskikk.

### Inntekter

Inntekter er rekneskapsførde når dei er opptente, altså når krav på vederlag oppstår. Dette skjer når ein yter tenesten, i takt med at ein utfører arbeidet. Inntektene er rekneskapsførde med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

### Fordringar

Fordringane er førde opp i balansen med fordringa sitt pålydande etter frådrag for konstaterte og venta tap.

### Utsett skatt

Utsett skatt i resultatrekneskapen er skatt kalkulert ut frå endringar i mellombelse skilnader mellom skattemessige og rekneskapsmessige verdiar, og inngår som ein del av selskapet sine totale skattekostnader. Utsett skatt er sett av som langsiktig gjeld i balansen. I den grad utsett skatteføremon overstig utsett skatt, er utsett skatteføremon teke med i balansen dersom kriteriene for balanseføring er stetta.

### Note 1 – eigenkapital

	Aksje- kapital	Eigne aksjar	Over- kursfond	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
<b>Eigenkapital 1. januar 2007</b>	<b>2.529.000</b>	<b>0</b>	<b>13.558</b>	<b>-314.043</b>	<b>2.228.515</b>
<u>Endring i eigenkapitalen i året:</u>					
Kapitalutviding, registrert	5.763.000	0	171.250	0	5.934.250
Kapitalutviding, ikkje-registrert	193.000	0	5.790	0	198.790
Årsresultat	0	0	0	-547.803	-547.803
<b>Eigenkapital 31. desember 2007</b>	<b>8.485.000</b>	<b>0</b>	<b>190.598</b>	<b>-861.846</b>	<b>7.813.752</b>

Aksjekapitalen i selskapet pr. 31.12.2007 består av følgjande aksjeklassar:

	Antal	Pålydande	Bokført
A-aksjar, inkl. registrert kapitalutv.	8.292	1.000	8.292.000
A-aksjar, ikkje-registrert kapitalutv.	193	1.000	193.000
<b>Sum</b>	<b>8.485</b>		<b>8.485.000</b>

# Norsk Bane AS

## Noter til rekneskapen for 2007

### Eigarstruktur

Dei største aksjonærene i selskapet pr. 31.12.2007 var:

	A-aksjar	Sum aksjar	Eigarandel	Røysteandel
Vinje kommune	1.250	1.250	14,7 %	14,7 %
Suldal kommune	1.200	1.200	14,1 %	14,1 %
Sauda kommune	1.000	1.000	11,8 %	11,8 %
Odda kommune	600	600	7,1 %	7,1 %
Bykle kommune	550	550	6,5 %	6,5 %
Tokke kommune	341	341	4,0 %	4,0 %
Bø kommune	172	172	2,0 %	2,0 %
privatperson	111	111	1,3 %	1,3 %
Haugesund kommune	110	110	1,3 %	1,3 %
Notodden Utvikling AS	102	102	1,2 %	1,2 %
Etne kommune	100	100	1,2 %	1,2 %
Mitt Distrikt Invest AS	100	100	1,2 %	1,2 %
Sauherad kommune	100	100	1,2 %	1,2 %
Vindafjord kommune	100	100	1,2 %	1,2 %
Karmøy kommune	97	97	1,1 %	1,1 %
<b>Sum &gt; 1 % eigarandel</b>	<b>5.933</b>	<b>5.933</b>	<b>69,9 %</b>	<b>69,9 %</b>
Sum øvrige aksjonærar	2.552	2.552	30,1 %	30,1 %
<b>Totalt antal aksjar</b>	<b>8.485</b>	<b>2.529</b>	<b>100,0 %</b>	<b>100,0 %</b>

Aksjar og opsjonar eigde av styremedlemar og dagleg leiar:

Namn	Verv	A-aksjar
Kjell Stundal	Styreleiar	19
Einar Velde	Nestleiar	60
(Per Velde AS)	(Nestleiar)	60
Erling Svalastog	Styremedlem	10
Per Espen Fjeld	Styremedlem	3
Laura Seltveit	Styremedlem	5

# Norsk Bane AS

## Noter til rekneskapen for 2007

### Note 2 – skattekostnad

Skattekostnaden i år består av:

Betalbar skatt	0
Endring utsett skatt	-213.034
<b>Total skattekostnad i år</b>	<b>-213.034</b>

<b>Utsett skatt</b>	<u>31.12.07</u>	<u>01.01.07</u>	<u>Endring</u>
Netto grunnlag	-1.197.009	-436.172	-760.837
Utsett skatt 28 %	-335.163	-122.129	-213.034

Alle mellombelse skilnader vil ein kunne utlikne, og dette er gjennomført i kalkylen av utsett skatt.

### Note 3 – Tilsette, godtgjersle, lån til tilsette, m.m.

Lønskostnadene består av følgjande postar:

<b>Lønskostnader</b>	<b>2007</b>	<b>2006</b>
Løn, pensjon og fri telefon	693.422	115.015
Folketrygdsavgift	97.772	16.214
<b>Sum lønskostnader</b>	<b>791.194</b>	<b>131.229</b>

Gjennomsnittleg tal på tilsette: 1,375

Fram til 15.8.2007 var dagleg leiar einaste tilsette. Norsk Bane AS tilsette kommunikasjons-sjef frå 16.8.2007.

<b>Ytingar til leiande personar</b>	<b>Dagleg leiar</b>	<b>Styret</b>
Løn og fri telefon	345.320	0

### Revisor

Det er kostnadsført revisjonshonorar på kr. 10.000 i 2007.

## Posteringsdokumentasjon pr. 31.12.2007 – Norsk Bane AS

Nr.	Postering	Beløp	Debet	Kreditt
<b>Disponeringar</b>				
D5	Utsett skatt	213.034,00	1070 Utsett skatteføremon	8320 Endring utsett skatt
D22	Overf. frå eigenkapital	760.836,81	2080 Udekt tap	8990 Overf. til udekt tap

## Norsk Bane AS

### Spesifikasjon av resultatrekneskapen

	2007	2006
<b>Salsinntekter</b>		
3000 Salsinntekt, avgiftspliktig	-100.000,00	-51.800,00
3190 Ref.bare utlegg for kjøpers rekn.	-39.307,01	-19.454,63
3400 Driftstilskot	-105.090,00	-155.660,00
	<b>-244.397,01</b>	<b>-226.914,63</b>
<b>Lønskostnader m.m.</b>		
5000 Løn til tilsette	553.122,00	102.692,00
5180 Opptente feriepenger	66.375,00	12.323,00
5210 Fri telefon	2.000,00	0,00
5420 Pensjonspremie	71.925,00	0,00
5400 Arbeidsgjevaravgift	88.808,00	14.477,00
5182 Arb.gj.avg. av opptente feriepenger	8.964,00	1.737,00
	<b>791.194,00</b>	<b>131.229,00</b>
<b>Annan driftskostnad</b>		
6300 Leige kontorlokale	37.495,00	18.600,00
6340 Lys og varme kontor	1.805,63	2.364,66
6700 Revisjonshonorar	10.000,00	5.000,00
6790 Andre framande tenester	10.160,00	1.939,60
6800 Kontorrekvista	16.917,67	900,50
6810 Kopiering	3.850,00	0,00
6840 Faglitteratur	2.232,50	1.055,00
6890 Kontorutstyr og vedlikehold	93.231,30	10.313,21
6900 Telefon	21.195,44	13.039,66
6940 Porto	2.464,80	1.753,60
7100 Bilgodtgjersle, oppgavepliktig	56.830,60	12.350,40
7140 Dokumenterte reiseutlegg	104.251,63	48.821,09
7150 Diett innland, utan overnatting	13.760,00	2.640,00
7151 Diett innland, med overnatting	22.325,00	10.840,00
7152 Natt-tillegg innland	8.800,00	2.000,00
7153 Diett utland, med overnatting	3.250,00	1.890,00
7154 Natt-tillegg utland	5.500,00	2.940,00
7390 Annan salskostnad	12.150,00	0,00
7710 Styremøte og generalforsamling	11.706,00	432,50
	<b>437.925,57</b>	<b>136.880,22</b>



## Norsk Bane AS

### Spesifikasjon av resultatrekneskapen

	2007	2006
<b>Finansinntekter</b>		
8040 Renteinntekt	-223.885,75	-75.846,75
8060 Valutavinst	0,00	0,00
	<u>-223.885,75</u>	<u>-75.846,75</u>
<b>Skattekostnad</b>		
8320 Endring utsett skatt	-213.034,00	9.702,00
	<u>-213.034,00</u>	<u>9.702,00</u>
<b>Overført til udekt tap / til dekning av ...</b>		
8990 Overført til udekt tap	-547.802,81	24.950,16
	<u>-547.802,81</u>	<u>24.950,16</u>

## Norsk Bane AS

### Spesifikasjon av balansen

	2007	2006
<b>Utsett skatteføremøn</b>		
1070 Utsett skatteføremøn	335.163,00	122.129,00
	<b>335.163,00</b>	<b>122.129,00</b>
<b>Kundefordringar</b>		
1500 Kundefordringar	141.285,70	75.000,00
	<b>141.285,70</b>	<b>75.000,00</b>
<b>Andre fordringar</b>		
1780 Krav på innbetaling av aksjekapital	0,00	0,00
	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>Bankinnskot, kontantar o.l.</b>		
1930 Aksjekapitalkonto 2711.13.68134	7.957.740,87	2.571.019,72
1935 Overkurskonto 2711.13.65933	84,80	13,46
1936 Driftskonto 2711.13.69998	618,35	702,88
1950 Skattetrekkskonto 2711.13.71607	53.406,00	0,00
	<b>8.011.850,02</b>	<b>2.571.736,06</b>
<b>Aksjekapital, berre registrert kapitalutv.</b>		
2000 Aksjekapital, 8.292 aksjar à kr. 1.000	-8.292.000,00	-2.480.000,00
	<b>-8.292.000,00</b>	<b>-2.480.000,00</b>
<b>Ikkje registrert kapitalutviding</b>		
2021 Aksjekapitalutv., 193 aksjar à kr. 1.000	-193.000,00	-49.000,00
	<b>-193.000,00</b>	<b>-49.000,00</b>
<b>Overkursfond</b>		
2020 Overkursfond	-190.598,50	-13.558,50
	<b>-190.598,50</b>	<b>-13.558,50</b>
<b>Annan eigenkapital</b>		
2080 Udekt tap	861.846,12	314.043,31
	<b>861.846,12</b>	<b>314.043,31</b>

## Norsk Bane AS

### Spesifikasjon av balansen

	2007	2006
<b>Langsiktig gjeld elles</b>		
2290 Annan langsiktig gjeld	-352.000,00	-402.000,00
	<b>-352.000,00</b>	<b>-402.000,00</b>
<b>Leverandørgjeld</b>		
2410 Leverandørgjeld	-29.432,08	-3.667,35
	<b>-29.432,08</b>	<b>--3.667,35</b>
<b>Skattetrekk og andre trekk</b>		
2600 Forskottstrekk	-53.406,00	0,00
2770 Skuldig arbeidsgjevaravgift	-26.226,00	0,00
2780 Påløpt arbeidsgjevaravgift	-8.964,00	-1.737,00
	<b>-88.596,00</b>	<b>-1.737,00</b>
<b>Annan kortsiktig gjeld</b>		
2911 Gjeld til tilsette	-22.307,78	-7.908,41
2912 Gjeld til privatpersonar	0,00	-51.500,00
2940 Skuldig feriepengar	-63.576,00	-12.323,00
2740 Oppgjerskonto mva.	1.239,50	-1.214,13
2980 Avsetn. framtidige forpliktingar	-119.874,00	-60.000,00
	<b>-204.518,28</b>	<b>-132.945,54</b>

Til generalforsamlingen i Norsk Bane AS

## REVISJONSBERETNING FOR 2007

Vi har revidert årsregnskapet for Norsk Bane AS for regnskapsåret 2007, som viser et underskudd på kr 547.803. Vi har også revidert opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift, og forslaget i årsregnskapet til dekning av underskuddet. Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger. Regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet og årsberetningen er avgitt av selskapets styre. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til revisorlovens krav.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av selskapets formuesforvaltning og regnskaps- og intern kontrollsystemer. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets økonomiske stilling 31.12.2007 og av resultatet i regnskapsåret i overensstemmelse med god regnskapsskikk i Norge
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge
- opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift, og forslaget i årsregnskapet til dekning av underskuddet, er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Haugesund, 19.juni 2008  
Deloitte AS

Bente Haraldson Syre  
statsautorisert revisor